

återspeglas av intonationen. Författaren framhåller vikten av att skilja tonemmodulen från intonationsmodulen (sid 139). Men var är intonationsmodulen i de schematiska diagrammen?

Till sist kan jag inte låta bli att erkänna en viss 'skuffelse' över att Hognestad inte har tagit vara på data och diskussioner som presenterats i några av de många arbeten i prosodi som publicerats t.ex. i serien *Nordic Prosody* 1978-1997.

Men dessa kritiska påpekanden får inte dölja mitt huvudintryck: Hognestads magisteravhandling är ett intressant arbete, skriven i en ledig, personlig och entusiastmerande stil.

Eva Gårding

[Mottatt 7.4.1999.]

Anmelderens adresse:

Lunds Universitet
Institutionen för lingvistik och fonetik
Helgonabacken 12
S-222 62 Lund
E-post: Eva.Garding@ling.lu.se

Michael P. Barnes: *The Norn Language of Orkney and Shetland*. Lerwick: The Shetland Times Ltd., 1998. xiii + 58 sider.

Det nordiske språket *norn* hadde utbreiingsområdet sitt på Shetland, Orknøyane, Hebridane og delar av det skotske fastlandet. Språksamfunnet hadde ei nesten 1000-årig historie frå ca. 800 til ca. 1800. Nemninga *norn* er ei samandraging av adjektivet *norróna*, som opphavleg betyr 'som kjem frå nord'.

Michel Barnes, professor i nordisk ved University College London, har skrive *The Norn Language of Orkney and Shetland*, ei lita bok utgitt i Lerwick. Barnes har før skrive fleire vitenskaplege arbeid om dette språket, grundigast om runeinnskriftene i Maeshowe (Barnes 1994). Denne nye boka er ei språkhistorisk framstilling av *norn*. Ho er ikkje noka vitenskapleg drøfting av småe filologiske detaljar; presentasjonen og dei mange historiske vurderingane er her blitt lagde til rette for andre enn faglege spesialistar. Men boka er nok for komprimert til å bli karakterisert som popularisering for den store allmugen.

Dette utdauda språket er av stor interesse for forståinga av vestnordiske språkendringar ettersom det i hovudsak er eit vestnorsk utflyttarspråk likeins som færøysk og islandsk. Å stadfeste både særutviklingar og utviklingar som er felles med norsk, færøysk eller islandsk, er derfor viktig. Mange fellesutviklingar kan vere indisium på godt samband mellom desse landa i mellomalderen, men somme ønskjer òg å understreke at like utviklingar i desse språka kan vere sjølvstendige når det språkstrukturelle utgangspunktet er det same.

Barnes framhevar med god grunn likskapane med færøysk, men truleg litt for

sterkt når han seier s. 16: "Everyday speech in Orkney and Shetland, on the other hand, appears to have developed in much the same way as Faroese and, to a lesser extent, the more conservative dialects of western Norway". Drag Barnes ser ut til å rekne som felles med færøysk, er også felles med norske dialektar. Han tolkar for eksempel utviklinga i former som *sheug* (< *sjó*) 'sjø' som ein parallell til den færøyske skjerpinga: *sjógv* (s. 17). Så lenge dei fonologiske restriksjonane på denne utviklinga ikkje er meir avklarte, kan det her i alle fall dragast inn til drøf-ting at målet på Helgeland og i Salten har ei svært allmenn utvikling av *g* etter utlydande *á* (Skánlund 1933: 91). Også endringar som *stofa* > *stoga*, *raudir sauðir* > *rauge sauge* i norske dialektar kan vise at utvikling av *g* etter bakre vokalar kan dukke opp sporadisk mangstad. Dersom overgangen *m* > *n* i trykklett utlyd – som er nemnd s. 17 – gjeld same fenomenet som s. 13 er omtalt som "[c]onfusion of <m> and <n> in final position", kan ein vise til at dei same to lydane også har "falle saman" i vestnorsk: Dei har falle bort og nasalert den føregåande vokalen og gitt same kvalitetsendringa. At norn sløyfar personbøyinga og held på talbøying av verb (s. 17), er også noko det har felles med for eksempel sørvestlandsk like mye som færøysk.

Eit drag Barnes reknar som felles med både sørvestlandsk og færøysk, er den fonologiske endringa av lang *n* til *dn*. I vestnordisk er dette ei endring med fleire ulike utviklingslinjer – i motsetning til endringa av lang *l*, som alltid blir segmentert i dette området: Islandsk segmenterer lang *n* til *dn* berre når det er ei morfemgrense i *n*-en: *sein+ni* [seidnɪ] 'seinare' (komparativ) mot *ey+nni* [ein:ɪ] 'øya' (dativ b.f. eintal). Det meste av færøysk segmenterer etter diftong uavhengig av morfemgrensa: *seinni* [saidnə] og *oynni* [oydnə] mot *ánni* [ɔn:ə] 'elva' (dativ b.f. eintal), mens Suðuroy-målet segmenterer etter alle gamle lange vokalar, dvs. også i *ánni* [ɔdnə]. Vossamålet segmenterer etter same mønster som Suðuroy-målet: [oydne, ɔdne] (jf. Heggstad 1932: 29), mens nordhordlandsk segmenterer alle lange *n*-ar uavhengig av vokalkvantiteten framom: *kanna* 'kanne' er altså blitt til [kadna], likeins som målet har fått [øydne, ɔdne] (jf. Rundhovde 1965: 135). Det ser ut til at norn har same mønsteret som nordhordlandsk, for vi finn for eksempel i Hildinakvedet *sannast* > [sadnast], *renna* > [ridna], *hennar* > [ednar], *henni* > [edne] (s. 44f.). Norn og nordhordlandsk er dermed dei einaste av desse dialektane/språka som har parallell utvikling av lang *n* og lang *l*.

Norn har vore splitta i fleire dialektar. Det har vore forskjell på Orknøy-norn og Shetland-norn. Dessutan har Shetland vore oppdelt, for på delar av øyane blei lang *n* og lang *l* uttalte palatalt: [ɲ, ʎ]. Både dette draget og overgangen *fn* > *mn* har norn felles med vestlandsk nordom Sognefjorden. Islandsk og færøysk har ikkje desse overgangane. Overgangen *e* > *i* i demonstrativ (s. 13) er også ein likskap norn viser med nordvestlandsk. Pronomena *yach/yagh* 'eg' og *vi* 'vi' kan tolkast som resultat av austnordisk påverknad (s. 17). Barnes peikar (s. 15) på at det i eit orknøysk dokument frå 1369 er bortfall av *l* framom konsonant, og det minner om det setesdalske *l*-bortfallet.

Elles er det mange vestnordiske fellesutviklingar vi ser. At *han* står som formelt subjekt i meteorologiske setningar, har norn felles ikkje berre med færøysk – slik Barnes hevdar s. 29 – men også med alle islandske og norske kystdialektar: *Han blæs hardt i dag*. Barnes viser også til det færøyske *velta* i tydinga 'dyrke' i

samband med belegget <uelltu iorðu> *veltujorðu* i eit dokument frå Shetland i 1299 (jf. tekstmerknad s. 37). Det kan her nemnast at substantivet *velta* også er oppført frå austlandsk i *Norsk Ordbog* (Aasen 1873) med tydinga 'omvæltet Jord; den oppløiede Jordstrimmel i en Fure'.

Einaste særdraga felles med berre færøysk er at *p* går over til *h*, og den moglege [ɔa]-uttalen av eldre *á* (jf. s. 17).

At norn viser mange fellestrag med både færøysk og vestnorsk, treng ikkje overraske når ein tenkjer på den geografiske plasseringa. Eg har ikkje meint at det skal vere nokon kappestrid om kva språk norn liknar mest. Barnes gjer heller ikkje noko stort poeng av det. Eg har lagt vekt på desse språkhistoriske endringane meir for å vise kor interessante opplysningane om norn er innafor det nordiske språkstudiet. Det viktige er å sjå at likskapane går i fleire retningar, og at også norn var oppdelt i fleire dialektar som viser ulike "slektskap". Anten ein tolkar det som moglege sjølvstendige strukturutviklingar, eller som resultat av eit handels-samband over Nordsjøen og Nord-Atlanteren, er dette mangfaldet interessant.

Den norske styringa over øyane kjem tydeleg til uttrykk i dei skriftlege kjeldene, for språket i mellomalderdokumenta er – som Barnes viser – slik at det ikkje kan skiljast frå det som blei skriva i Noreg. Side 16 meiner Barnes at om ein skal lite på det vi veit om yngre norn, må det ha vore "an ever-widening gulf between what users of Scandinavian said and wrote in the Northern Isles". Også da norsk administrasjon gjekk over til dansk språk, følgde Orknøyane og Shetland etter.

Orknøyane og Shetland blei pantsatte til Skottland i 1468-69, og dermed fall dei utafør det nordiske fellesskapet. Den skotske overhøgda førte til skotsk innvandring, og den sette snart språklege merke etter seg; for eksempel finn ein skotske glosar alt i 1500-talsdokument. Barnes markerer støtte til historikaren Brian Smith som hevdar at skotsk truleg etablerte seg som bruksspråk hos delar av folket alt på 1500-talet.

Framstillinga åt Barnes om språkdaudeprosessen er truleg viktigaste delen av boka. Her reiser det seg mange spørsmål om *korleis* og *kva tid*. Barnes gir ei interessant og overtlydande drøfting av dei ymse teoriene som har vore førte fram. Han prøver å forstå språkdauden samfunnsmessig og sosiologisk og er skeptisk til at det skal ha føregått noka medveten utrydding av norn. Han viser til at "where the motivating factors are strong enough, people will pick up foreign tongues" (s. 23). Norn er truleg blitt tilbaketrengt gradvis. Det ordforrådet som innsamlarane Jakob Jakobsen og Hugh Marwick har bevart, viser at språket blei brukt lengst i fiske, gardsarbeid og heimeliv (s. 20). Med å vise til den moderne språkdaudeforskninga meiner Barnes at det er rimeleg at norn har både lidd eit domenetap og blitt noko innblanda av språkdrag frå det dominerande språket før det gjekk av bruk. Siste brukarane på Shetland gjekk truleg i grava kring 1800 (s. 26).

Kjeldene om norn er svært få, så ein må tolke mye ut frå få data. Stadnamn og enkeltord kan vere ei nyttig kjelde om det talte norn – jamvel om dei er innsamla etter at språket var gått or bruk. Nokre få oppskrifter av talt etterreformatorisk norn finst også. Mest kjent er *Hildinakvedet*, som er oppskriva på den shetlandske øya Foula i 1774. Dessutan finst ein del bevarte administrative dokument frå ymse periodar. Runeinnskrifter på eldre norn er det nokså mange av, og Barnes er

den som har analysert største tekstsamlinga, nemleg dei 33 innskriftene på Maeshowe på Orknøyane (Barnes 1994). I sin nøkterne tone tek Barnes med at det ikkje er opplagt at alle runeinnskriftene er skrivne av innfødde øybuar.

Tjue sider av boka er kommenterte tekstprøver på norm frå ymse tidbolkar. Dei gjer boka enda meir verdifull for dei som ønskjer å setje seg inn i dette språket.

Einaste direkte feila denne meldaren har funne, er galne plasseringar av namna *Sogn* og *Møre* på kartet s. xiii. Men dei spelar inga rolle i framstillinga i boka. Boka er fagleg solid, og forfatternen verkar ikkje minst overtydande pga. den vekta han legg på å skilje mellom dei tolkingane som har datagrunnlag, og dei som må byggje på friare – men ofte interessante – spekulasjonar. Sjølv framhevar han alltid dei nøkterne tolkingane.

Litteratur

Barnes, M.P. 1994. *The Runic Inscriptions of Maeshowe, Orkney*. Uppsala: Uppsala universitet.

Heggstad, L. 1932. *Vossabygdene*. Voss: Voss sogelag.

Rundhovde, G. 1965. *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål*. Bergen – Oslo: Universitetsforlaget.

Skånland, E.B. 1933. *Saliamålet. Kort oversikt over lydverket*. Oslo: Aschehoug.

Aasen, I. 1873. *Norsk Ordbog*. Kristiania: Mallings Boghandel.

Helge Sandøy

[Mottatt 6.1.1999.]

Postadressa til meldaren:
Universitetet i Bergen
Nordisk institutt
Sydneplassen 7
N-5007 Bergen
E-post: helge.sandoy@nor.uib.no

Ruth Vatvedt Fjeld og Boye Wangenstein (red.): *Normer og regler. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998*. [Oslo]: Nordisk forening for leksikografi, 1998. 367 sider.

Dette festskrift for den kendte norske leksikograf Dag Gundersen inneholder 28 artikler, som er samlet under et bestemt tema, nemlig normeringen og dens konsekvenser. Alle bidrag er bestillingsarbejder i den forstand, at man har inviteret jubilarens venner og kolleger, som hver især behandler normerings- og reguleringsproblematikken fra deres respektive fagområder, fx leksikografi eller sprog i medierne.

Den første artikel giver en kort vurderende beskrivelse af Dag Gundersens livsværk, hans meritter og hans meget omfangsrige videnskabelige produktion.